

HYRDINGEN

NR. 1

Februar 2020

ÅRGANG 62

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



MILK gjengen som var med og gjorde ein fantastisk jobb på leir for 5. klassingane:
Undine, Hellen, Mira, Caroline og David (Sjå side 4)

Presten har ordet	2	Dåp i Imsland kyrkje	4	Vats sokneråd	8
Trusopplæring	2	Dåpsgåva	5	Støtteannonser	9
Redaksjonspennen	3	Raunesulukka	6	Gudstenester	10
Min song	3	Imsland sokneråd	6	Frå kyrkjeboka	10
Bladpenger	3	Minneord Johannes Løvdahl	7	Møte og arrangement	11
Mange les kyrkjebladet	3	Jon Ådnøy til minne	7	Fellesrådet 2019-2023	12
Med MILK på vinterleir	4	Konstruktivt samarbeid	8	Lysmesse i mørketida	12



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og

VIPPS nr 53 14 72
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk:

Kai Hansen Trykkeri Haugalandet AS

SOKNEPRESTANE:
Mandag er prestane sin fridag

Soknepresten i Ølen
Kari Vik Stuhaug

Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Skjold
Kristian Kyllingstad, Skjold kyrkje,
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Mobil: 905 23 560
kristian.kyllingstad@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Vikedal
Tsegayesus Hurisa Hunde
Vikedal kyrkjekontor
Kyrkevegen 11, P.box 40, 5586 Vikedal
Tlf. 970 38 011
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Torsdag 9 - 15

Kateket Britt Karstensen
Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:
Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:
P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019

Kyrkjeverja i Vindafjord:
Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknerådsleiarar:
Skjold og Vikebygd: Gunnar Listog
Ølen og Bjoa: Hanne Jorunn Aasen Risøy
Sandeid: Ragnvald Stople
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Elisabeth Stople Gregersen

Presten har ordet

Tsegayesus Hurisa Hunde, sokneprest.



Tekst: Luk 7:36-50.

«Difor seier eg deg: Dei mange syndene hennar er tilgjevne, difor har ho vist stor kjærleik. Men den som får tilgjeve lite, elskar lite.» Så sa han til kvinnen: «Syndene dine er tilgjevne.»

Det var mange kvinner som gjekk ut og inn av rommet. Og blant dei var det ei kvinne som sette seg ved Jesu føter og byrja å gråta og vaska føtene hans med tårene sine. Det var sikkert ikkje så höglydd, då hadde nok nokon kasta henne ut med ein gong. Nei, det skjedde nokså umerkeleg, heilt til ein av gjestene oppdaga henne – og sa kven ho var.

Som sagt var det mange kvinner som gjekk ut og inn av rommet. Men det var nesten berre denne kvinnen som har fått sin tilgivelse. Fordi ho trudde at Jesus er einaste som kan tilgi henne. Ho veit at alle har fordømt henne og ingen som kunne verna henne mot dei som står der å kritisera henne. Han såg at ho trong hans støtte, og at ho no var lengst nede av alle. Av ein eller annan grunn søkte ho Jesus, i sin djupaste fortvilelse. Trua blir kopla oss til Jesus.

For nokre år tilbake. Eg hugsar ikkje akkurat når det var, men det var ca. 15 eller 16 år sidan. Eg vart invitert til å eta middag hos eit ektepar. Dei hadde ei dotter på ca. 5 eller 6 år. Ho skulle òg eta middag saman med oss. Plutseleg bøygde ho hovudet sitt og sa jesus jesus jesus før ho sa Amen. Det var bordbønna til den vesle jenta. Det var sterkt å sjå henne og høyra

bønna hennar. Eg var sikkert på at maten var velsigna. Jesus forstår jo alle, særleg hjartebønna til barna. Han treng ingen tolk og han forstår oss godt.

Kvinna som sette seg ved Jesu føter sa ingen ting bortsett frå å gråta og vaska føtene hans. Han gav henne sin tilgivelse.

Når vi snakkar om tilgjeveleg, snakkar vi om to ting: vedkjennast og krossa. Vi snakkar ikkje om å gløyma, men å nagla syndene fast der dei høyrer heime: på korset. Ordet "tilgi" betyr å utsletta eins gjeld, å benåda og gi ny start. Kvar gong vi kjem til nattverdsbordet, får vi moglegheit til å starta på nytt. Kvar einaste gong eg kjem til å ta nattverd, gleder eg meg til å høyra dei orda som presten seier: "Kom for alt er gjort ferdig". Vi får igjen og igjen innbyding til å ta Jesus og hans tilgivelse i nattverden. Inkje meir, alt det som vi treng for å komma til Gudsrike, alt det som vi treng til å vera hos Jesus, herren vår, alt det vi treng for å vera fri, er gjort ferdig. Dette er evangeliet!!

Evangelisten Johannes seier også, når han taler om Kristi undergjerninger: «Men desse er skrivne ned for at de skal tru at Jesus er Messias, Guds Sønn, og for at de ved trua skal ha liv i hans namn» (Matt 9,6; Joh 20,31). Kvar plasserer vi oss i denne teksten. Det er jo berre to alternativ.

Det eine er ved dei som sat der og kritiserte kvinnen som kom til Jesus. Det andre er jo ved Jesus sine føter for å få tilgivelse frå han. Eg håper at vi tilhører det siste alternativet.

Trusopplæring

Vårkurset i Skjold startar 20/3/20

Kveldsbønkonsert, 2-5 år.

Me prøver å få dette til i Vikedal og Ølen i vår, datoar er ikkje klare ennå. Meir info kjem.

Den store Skattejakta, 1.klasse. 4 samlingar + gudsteneste. Vikebygd, Skjold, Vats, Ølen, Sandeid og Vikedal (ikkje Bjoa og Imsland i år) Invitasjonar er delt ut til førsteklassingane. Ta kontakt med kateket Britt om du lurer på noko.

Meir info: www.vindafjord.kyrkjer.no

Redaksjons-PENNEN

Av Steinar Skartland



MIN SONG

Av Astrid Eskeland, 8 år

«Vennesang» av Oslo Soul Children

Eg lærte denne songen på leir på Stemnestaden. Der har eg lært masse kjekke songar.

Eg likar denne songen fordi det er så kjekt å dansa og bevega på meg når eg syng. Og denne songen dansar me til. Og så likar eg at den handlar om å vera venner. Eg likar at det er så mykje hopping og dansing. Eg blir glad når eg syng denne songen. «Vi kan være Jesu hender», syng me. Det er kjekt -me kan hjelpe Jesus med våre hender.

Du og jeg kan være venner
Vi står sammen hånd i hånd

Vi kan være Jesu hender
Vi kan knytte vennskapsbånd
Noen av oss er ifra Norge
Noen er fra Afrika
Sør-Amerika og Østen
Noen bor lang hjemmefra



Refregen:

Vi er barn, skapt til å danse
Skapt til å klappe og le
Vi vil gå, og vil ikke stanse
Før vi er framme, før alle er med.

Kom nå gutter, kom nå jenter
Kom bli med i våres gjeng
Vi er mange små talenter
Spiser i Guds blomstereng
Vil du være med og danse
Selv om du er uten takt?
Blir du med får vi balanse
Kom, bli med på vennejakt!


Bladpengar og gåver til Hyrdingen

I dette nummeret av Hyrdingen legg vi med ein giro og oppfordrar alle til å nyttja den til å betala bladpengar. Beløpet kr 275,- pr. husstand er eit frivillig beløp. Vil du betala eit anna beløp, så er det mo-

geleg. Kyrkjebladet er avhengig av bladpengane for kunna å senda bladet til alle heimane i Vindafjord.

**Bruk konto nr. 3240.11.17937
eller VIPPS nr. 53 14 72.**

Mange les kyrkjebladet



Ei meiningsmåling som Opinion har gjort viser at på landsbasis har 3 av 4 medlemmer fått informasjon frå Den norske kyrkja i løpet av siste året. 60% seier at dei har funne denne informasjonen i kyrkjebladet. 28% har funne informasjonen på internett. Konklusjonen er at kyrkjebladet er Den norske kyrkja sin beste informasjonskanal også i dag. Grafen viser fordelinga. (Det kunne svartast meir enn eitt alternativ, difor er summen over 100%).

Med MILK på vinterleir

Av Britt Karstensen, kateket

Tradisjonen tru var det også i år duka for ei kjekk vinterhelg på Brandøy med 5. klassingane i Vindafjord.

Tittelen på leiren var «Vener for livet». Alle skal få erfara venskap både nært og fjernt, både med menneske i ulike aldrar, og med Jesus. Me fekk

læra om misjon og korleis me kan bry oss om kvarandre, hjelpe kvarandre, og visa at Jesus vil vera ven med alle.

Nytt i år var ein gjeng med supre 10.klassingar som er med på MILK dette skuleåret (MiniLeiarKurs for fjarðarkonfirmantar). Desse ungdomsleiarane har hatt fleire kurssamlingar allereie og måtte «ut i praksis» på leiren. Dei hadde førebudd seg godt, og var med og gjorde helga til ei flott oppleveling for alle. Topp karakter til heile gjengen!

MILK er utarbeidd av KFUK KFUM og utfordrar ungdomane på mange måtar. Leiaroppgåvane er ulike – så då er det jammen bra at me er ulike også, alle kan bidra! Så årets konfirmantar: Bli med på MILK til neste år! Dette er både kjekt og nyttig.



Nye vener frå heile Vindafjord



Kanskje eg kan gi dette venskapsbandet til ein ny ven

Me finn fram til gode og lure ord i Bibelen

Nye generasjonar i Imsland kyrkje

Av Jolaug Kaldheim

Søndag 12. januar var Brage Imsland døypt av presten Sigfred Sørensen. Brage vart boren til dåpen av dei stolte foreldra, Åsvald og Hanne saman med storesøskna Serine og Odin. Dei to 11-åringane, Kasper Rønnevik og Celine Rønnevik, fekk utdelt konfirmantbibelen og det vart ein flott dag i kyrkja der 14 konfirmantar deltok i gudstenesta.



III.foto: Erik Norrud

Dåpsgåva

I året som ligg framfor oss vil vi i kyrkja gi dåpen ekstra merksemrd.

Kva har vi i dåpen? Kvifor skal vi døypast?

Heilt sidan Jesus bad oss om å døype, har menneska søkt dåp. Dåpen er eit mysterium. Ord kan ikkje fullt ut beskrive det som skjer. Vatnet blir aust opp i namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande. Ved evangeliet, det levande Ordet, blir vatnet ei nådekjelde. Dåpen gir oss del i påskeforteljinga om Jesus som døydde og stod opp av grava.

Tradisjonen vår er å bere barn til dåpen. Vi feirar det nye livet og legg barnet i Guds hender. Foreldre gjer mange val for barna sine. Når eit barn blir døypt, svarer foreldra og fadrane ja på vegner av barnet. Men det er aldri for seint å bli døypt. Når ungdom og vaksne blir døypte, svarer dei sjølv ja. Også då står fadrar klare til å hjelpe den døypte til å leve i dåpen og trua på Jesus. Bibelforteljingar, bøn, nattverd og tilhørsle i

kyrkja er ein del av den velsigninga dåpen gir.

Vatnet i den kristne dåpen er eit teikn som rommar både liv og død. Vatnet er livsgrunnlaget vårt og samtidig ein trussel. Når vi feirar dåp, set vi derfor òg ord på og tek avstand frå det som er vondt og imot Guds vilje. Det gjer vi i fellesskap når vi forsakar djevelen og vedkjenner oss trua. Dåpen skjermar oss ikkje mot vondskap, synd og destruktive krefter. Han gir oss eit løfte og eit håp om at livskreftene er sterkare, og at Gud tilgir oss og reinsar oss for all urett.

Livet fører oss opp og ned. Vi er både sterke og sårbare og treng å høre til i ein samanheng. Kor ulike vi enn er, i dåpen blir vi eitt på tvers av alt som skil oss. Dåpen gir oss fellesskap med Kristus og med kristne søskener i den lokale kyrkjelyden og i den verdsvide kyrkja. Dette felless-



III.foto: Erik Norrud

kapet strekkjer seg over tid og rom, for det er éi tru, éin dåp og éi kyrkje. Det vi får i dåpen, gir oss mot og styrke til å elske Gud og nesten vår.

Dåpen er ei gáve frå Gud, gitt av nåde, tre handfuller vatn, auste opp i namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande til evig liv. Vi går framtidia i møte saman med Kristus.

*Den norske kyrkja – Bispmøtet
(Dette brevet vart lese opp i kyrkjene den 12. januar).*

100-årsmarkering av Raunesulukka

29. desember 1919 var det ei trægisk hending Vats, seinare kalla for "Raunesulukka". 3 unge menn og 3 unge kvinner frå Vats drukna under bording av rutebåten til Stavanger i eit heftig ulykke. Grunna is i Åmsosen, måtte dei gå ombord i båten midtfjords, ved Raunes. (Les meir om hendinga i fyldig artikkel i Vindetreet 2017).

Søndag 29. desember 2019 var det



Olav Velde hadde ei interessant orientering om dramaet utførte Raunes.



Vice-chairwoman Tove Elise Olsen Frøland la ned krans på minnestøtta.



Eit prosjektkor (Rigmor Jonssons, Elisabeth Stople Gregersen, Einar Bakke og Ove Johnny Ohm) framførte songen Ola Stokka skreiv til gravferda. Han var bror til Alfred Stokka og sviger til Barbro Koltveit som begge kom i ulukka. Denne songen har truleg ikkje vore framført sidan gravferdsdagen.



Imsland sokneråd

Bakerst: Lars Berge Rønnevik, Steinar Åsheim, Åse Vigdis Rønnevik, Soknepresten Tsegayesus. Fremst: Leiar Jolaug Kaldheim, Liv Hoff Imsland, Marita Kvitno Staurland.

ei minnemarkering Vats kyrkje i regi av Skjold/Vats sogelag. Det var kranse nedlegging på støtta ved varaordførar Tove Elise Olsen Frøland.

Tekst og foto: Steinar Sørhus

Minneord om Johannes Løvdahl

Av Ole A. Aadland på vegne av Mannsforeininga, NMS



medlem i Mannsforeininga der han trass høyselsvanskar lyttet seg inn på fellesskapet sin frekvens og delte av sine erfaringar.

Eit høgreist og ruvande tre har falle til jorda i tunet vårt. Det gode mennesket Johannes er ikkje lenger imellom oss. Ein mann av mange år med livsmot og styrke som visste å fylla sine hundre år med mål og mening. Ein gjennomført positiv mann som levde sitt heilt til endes.

Ein engasjert mann som levde sine mange dagar i lyset frå det høgste i det gode si teneste. Eit varmt menneske som brydde seg om livet rundt seg i bygd, skule, kyrkje og Kyrkjetur. Eit oppmuntrande menneske som visste å gi andre mot, tru og styrke. Ei ihuga kristensjel som bad for bygda med særskild omsut

for borna og dei unge. Eit trygt kristenmenneske som hadde sitt hjarte både i bedehus og kyrkje. Ein trufast misjonsmann som levde med i NMS sitt arbeid heime og ute. Eit viktig

Ein fredsæl og mild mann som møtte oss med eit mildt blikk. Etter mange dagar og år såg me no at kreftene minka. Men for kvart år som for vart Johannes ikkje eitt år eldre: Han vart ein sommar eldre! Ein sommar eldre i den gode forstand at han heile vegen sleppte tru, lys og håp inn i dagane sine. Slik vart han ein berar av sommarens lys og sommarens glede. No har ein evig sommar opna seg for det gode og lyse mennesket, Johannes!

I takksemeldinga lyser me fred og ønskjer signing over hans gode minne.

Jon Ådnøy til minne

Av Inghart Lasse Tveit,
kyrkjeverja i Vindafjord



Alle dei omkomne kom alle frå Vats. 600 personar var med i gravfølgjet.

Som tidlegare kollegaer på kyrkjekontoret fekk me ei trist melding i slutten av november – Jon var ikkje blant oss lengre. Og det berre eit knapt år etter at han sluttar tenesta si som prest i Skjold, Vats og Vikebygd, for å bli pensjonist.

Jon kom til oss i 2012 – først som vikarppest og seinare som fast tilsett sokneprest. Jon var ein frisk og sprek kar – både fysisk og mentalt. Han hadde god kontakt med alle aldersgrupper – men mitt inntrykk var at han trivst særleg godt med konfirmantane. Han let alltid vel – dei er så høflege og hjelspame at det mest ikkje er til å tru, sa han rett som det var. Han engasjerte dei m.a. som loddseljarar på misjonsmessa. «Kjekk og grei» heitte visst ei av gruppene hans. Han tok dei også med på fjellturar. Det var år der Jon åleine hadde ansvar for 60 konfirmandar.

Jon ville også bli kjend med folk i kyrkjelydane. I samband med dåp ville han alltid ha samtalen med for-



eldra i heimen. Eg kan i farten ikkje hugsa ein einaste kontorsamtale i samband med dåp – eller for den del – gravferd.

Jon var eit lesande menneske. - Eg får meg ikkje til å kasta ei einas-

te bok, hadde han for vane å seia. Bøker kunne også vera tema i matpausen, som t.d. «Etter i saumane» av Kjartan Fløgstad – som tydeleg hadde gjort inntrykk på han. Jon hadde også bakgrunn som journalist og sjømannsprest – og hadde mange erfaringar og ikkje minst kunnskapar på desse felta. Såleis kunne han varta opp med føredrag om avisproduksjon og anna. Han var også lett å be om ting som eigentleg ikkje hørde med til prestearbeidet.

Men det som framfor alt prega samværet med Jon var hans store sans for humor. Eg sa fleire gonger til han at eg trudde at ei av Guds gode gaver til menneska var sansen for humor – og at han var blitt rikeleg velsigna i så måte. Då lo han.

Jon hadde heile tida ei klår Kristus-sentrert forkynning – framført med ei trusvisse og ein trusstyrke som gjorde inntrykk. Fordelen med salmebøker var at ein kunne bla i dei om ein kjeda seg under ei preike sa han. Salmebøkene fekk vera i fred i Skjold, Vats og Vikebygd.

Me lyser fred – Guds fred – over Jon sitt gode minne.



Skjold og Vikebygd sokneråd: Framme f.v.: Margunn Lygre Strømme, Dagfrid Nagel Aune, Ingrid Mathilde Sørvåg (skrivar), Sunniva Tveit Gregersen (nestleiar), prest Kristian Kyllingstad. Bak f.v.: Kåre Daniel Breivik, Gunnar Listog (leiar), Ingebjørg Susort Velde, Tomine Teistedal Haraldseid (kasserar), Arne Tveit (repr. i fellesrådet for Vikebygd), Øyvind Haraldseid (repr. i fellesrådet for Skjold).

Eit konstruktivt samarbeid i Skjold og Vikebygd sokn

Av Gunnar Listog, leiar i soknerådet

Folket i Skjold og Vikebygd er utrolig glade og stolte av kyrkjene sine. Eg trur dørstokken inn er låg for dei aller fleste. I kyrkjene våre skal det vera plass til alle: både den som trur og den som tvilar, både Jørgen Hattemakar og kong Salomo, både den gamle krokjen og det vesle barnet.

Korleis skal me få til eit mangfald, ein kvalitet som gjer at folk flest samlast til gudsteneste søndag kl. 11, eller til ein konsert, ein songkveld, eit kåseri eller til trusopplæringssamlin-

gar for born og unge? Svaret er ikkje eintydig, men gode, fine, interessante, inspirerande opplevingar gjer at folk kjem att. Kyrkja er ikkje for dei få, ho er for alle.

Her ligg mange spanande utfordringar for det nye soknerådet.

Skjold og Vikebygd har alt fire år bak seg i konstruktivt samarbeid. Å utvikle dette samarbeidet vidare vert spanande. Den vesle stubben mellom bygdene gjer at aktivitetar i den eine eller den andre bygda er for alle i dei to sokna, men og bygdene kring oss. Så då kan skjoldabuen

vitja grannen, anten han bur i Vikebygd eller i Vats.

Oppslutnaden om kyrkjeleg arbeid i Skjold og Vikebygd er på det jamne. I året som kjem vil Skjold og Vikebygd sokneråd saman med Vats arrangere seks eller sju familiegudstenestar. Då vonar me kyrkjene fyllest av folk i alle aldrar, og slik viser at i grunnen er alle gudstenestar familiegudstenestar.

Ein vane er vond å endra. Å dra til Vikebygd på ein konsert for ein skjoldabu er kanskje lettare enn å dra på ei gudsteneste. Å endre dette, vil ta tid. Men me har byrja.



Vats sokneråd: Fremst frå venstre: Elisabeth Stople Gregersen (leiar), Aud Bente Øvernes Hjorteland (kasserar), Kristian Kyllingstad (sokneprest), Ole Eivind Eikanes (medlem). Bakerst frå venstre: Steinar Sørhus (Fellesrådet), Marianne Bakkevold Vassnes (FUT-repr.), Bjørgild Lunde (1-vara, Diakoni-utval) og Karin Koltveit (sekretær).

-Vats sokneråd sine satsingsområde framover er gudstenestearbeidet og samarbeidet med Skjold/Vikebygd sokneråd, fortel Elisabeth Sto-

ple Gregersen som er vald leiar. Dei vil særskilt fokusere på musikk i gudstenesta og utvikling av frivilighet i kyrkjelyden. Når det gjeld

kyrkjebygget ser dei det som viktig å arbeida for betre toalettforhold og tilrettelegging for barn og rullestol-brukarar i kyrkja.

STØTTEANNONSER

LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg
Vi tilbyr
- Medieproduksjon
- Service og samferdsel
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse
Les mer på www.lvs.no

Knaphus B i l
5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knaphus Dekk & Bilverksted
5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

joker
Vikebygd Landhandel AS
Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

GRANBERG GARVERIA
Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

Brandøy misjons- og konferansesenter
www.brandoy.no Tlf.: 53769881

21.-23. februar	Brandøytreff
6.-8. mars	Leir tilrettelagt for utviklingshemma
20.-22. mars	Tweensweekend (5.-7. klasse)
3.-7. april	Juniorhelg (4-9 år med følgje)
27.-30. april	Påskefestival (8 klasse +)
4.-9. mai	Vårtreff
23.-25. juni	Dugnadsveke
26.-28. juni	Sommarminileir (2-4 klasse)
1.-5. juli	Sommarleir (5-7 klasse)
	Familieleir (Alle)

Stemnestaden Leirstad, Grinde
www.stemnestaden.no
Kontakt: Tlf. 975 89 956

21.-23.februar	Dugnadshelg
5.mars	Temakveld kl 19.00
21.-22. mars	Damenes helg
24.mars	Pensionisttreff kl 13.00
2.påskedag	Påskefest kl 18.00

Leiroversyn

9

GRAVSTEIN

GRAVSTEIN
Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.
www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as
Ørpelheitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

Ølen Blomster
Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no

STELL AV GRAVPLASSER
Kontakt Avdeling Vepro
Tlf 932 16 679/ 52 75 88 60

AOI
Arbeid og Inkludering

Ølen Betong
Tlf. 5377 5200 - www.clenbetong.no

Ølen auto

tsrevisjon
Autorisert regnskapsførselskap
www.tsrevision.no
Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

SpareBank SR-BANK

9

8

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Stad/kirke	Tid	Informasjon	Preiktekst
16.02.	Vats kyrkje	11:00	Gudsteneste, takkoffer: Søndagsskulen (Haugal/Sunnh.krets), Dåp, Nattverd	Matt 17,1-9
23.02.	Sandeid kyrkje	11:00	Gudsteneste, takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet/Lydanlegg, Årsmøte	Joh 17,20-26
23.02.	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, takkoffer: kyrkjelydsarbeidet,Dåp, Nattverd	Joh 17,20-26
23.02.	Ølen kyrkje	17:00	Gudsteneste, takkoffer: Norea mediemisjon	Joh 17,20-26
01.03.	Vikebygd kyrkje	11:00	Gudsteneste, takkoffer: kyrkjelydsarbeidet, Nattverd	Matt 4,1-11
01.03.	Bjoa kyrkje	11:00	Gudsteneste og årsmøte, takkoffer: Hyrdingen, Nattverd	Matt 4,1-11
01.03.	Vikedal kyrkje	11:00	Gudsteneste, takkoffer: Lydanlegg til Vikedal kyrkje, Dåp	Matt 4,1-11
08.03.	Ølen kyrkje	11:00	Gudsteneste, samarbeid Mitt fargerike nabolag. takkoffer: Hyrdingen, Nattverd	Matt 15,21-28
08.03.	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, takkoffer: Feedback, Dåp, Nattverd	Matt 15,21-28
15.03.	Vats kyrkje	11:00	Familiegudsteneste, takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord, Skattejakt, Nattverd	Luk 11,14-28
15.03.	Imsland kyrkje	11:00	Gudsteneste, takkoffer: Det Norske Misjonsselskap	Luk 11,14-28
22.03.	Vikedal kyrkje	11:00	Familiegudsteneste - avslutning skattejaka, takkoffer: kyrkjelydsarbeidet, Skattejakt	Luk 1,26-38
22.03.	Vikebygd kyrkje	11:00	Familiegudsteneste - avslutning skattejaka 1. kl., takkoffer: Misjonsprosjektet, Nattverd	Luk 1,26-38
22.03.	Ølen kyrkje	16:00	Familiegudsteneste - avslutning skattejaka 1. kl., takkoffer: Søndagsskulen(Haugal/sunnh.krets), Nattverd	Luk 1,26-38
29.03.	Sandeid kyrkje	11:00	Familiegudsteneste avslutning skattejaka, takkoffer: Lokal trusopplæring	Joh 11,45-53
29.03.	Skjold kyrkje	11:00	Familiegudsteneste, takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord, Skattejakt-årsmøte	Joh 11,45-53
29.03.	Ølen kyrkje	18:00	Gudsteneste, Ung messe ved konfirmantane, takkoffer: kyrkjelydsarbeidet, Nattverd	Joh 11,45-53
05.04.	Skjold kyrkje	11:00	Gudsteneste, takkoffer	Joh 12,12-24
05.04.	Fjellstøl Skianlegg	11:00	Gudsteneste, takkoffer: Romania Aid	Joh 12,12-24

Sjå meir informasjon på: vindafjord.kirkjer.no

"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast" (Hebr. 10,25)

FRÅ KYRKJEBOKA

	Døpte	Døde
Imsland	25.12.2019 Jenni Kathrin Hansen 12.01.2020 Brage Imsland	
Ølen	01.12.2019 Marielle Kvinnesland Meland 01.12.2019 Johanna Opheim Vestre 19.01.2020 Saga Nærheim	17.11.2019 Johannes Løvdahl f. 1919 18.11.2019 Johannes Risøy f. 1926 18.11.2019 Ingebjørg Tverå f. 1929 28.11.2019 Torkel Viland f. 1929 13.12.2019 Jens Kristian Dørheim f. 1944 20.12.2019 Kåre Steinsland f. 1948 25.12.2019 Rakel Gudrun Vaka f. 1925
Sandeid		07.01.2020 Sigurd Moland f. 1934
Skjold	05.01.2020 Oliver Nonslid Beyer 26.01.2020 Nikolai Knoff Haraldseid	22.12.2019 Gudmund Gerhard Håkull f. 1945 30.12.2019 Erik Jordbrekk f. 1928 14.01.2019 Jeffrey Alan Stewart f. 1930 17.01.2020 Solveig Haraldseid f. 1940
Vikebygd		19.01.2020 Knut Heggland f. 1923
Vats		14.01.2020 Rasmus Fatland f. 1924
Vikedal	15.12.2019 Tomine Håkull-Apeland	11.12.2019 Magnhild Tordis Espenvoll f. 1937 01.01.2020 Berit Heggebø f. 1927

Kyrkjjetunet i Ølen

Torsdagstreff kl. 11-13.

5. mars, 2. april, 7. mai, evt. 4. juni
Pris kr. 100. Alle hjarteleg
velkomne! Diakoniutvalet Ølen/
soknerådet Ølen og Bjoa.

Vår-basaren i Vats!

Laurdag 21. mars kl. 13.00 på skulen.

Andakt, kafé. Loddbøker, åresal,
mange gevinstar, lykkehul. Ta med
naboen og kom, dette blir kjekt!
Vats bedehus/soknehus-foreining

Vats pensjonistlag

møte på Nesheimtunet
frå kl. 17-19.30
Tirsdag 25. februar og
tirsdag 31. mars.
Kåsør, åretrekking, song,
opplesing, mat og kaffi. Anny og
Kristian blir med. Velkommen.



Neste nummer av Hyrdingen
kjem ut 2. april. Frist for levering
av stoff er 16. mars 2020.
Nr. 3 kjem ut: 28. mai.

MØTE OG ARRANGEMENT

Bedehusa i Skjold

14.02. fredag	18:30 Kyrkja, HFOF
17.02. måndag	19:00 Ersland, Yngres
18.02. tysdag	Ersland, Godt Nytt
20.02. torsdag	Ersland, Bønnemøte
25.02. tysdag	Austrheim, Normisjon
27.02. torsdag	16:00 Kyrkja, 60 +
02.03. måndag	19:00 Ersland, Yngres
03.03. tysdag	Isvik, NMS Misjonsselskapet
05.03. torsdag	Ersland, Bønnemøte
10.03. tysdag	Ersland, Samemisjonen
12.03. torsdag	Isvik, Basar / årsmøte
13.03. fredag	Ersland, Yngresbasar
17.03. tysdag	Austrheim, NLM Misjonssamband
17.03. tysdag	Austrheim, Årsmøte etter møtet
19.03. torsdag	Ersland, Bønnemøte
20.03. fredag	18:30 Kyrkja, HFOF
21.03. laurdag	12:00 Ersland, Misjonskafé
24.03. tysdag	Ersland, Samemisjonen
26.03. torsdag	16:00 Kyrkja, 60 +
27.03. fredag	18:00 Ersland, Inspirasjonskveld v/Indre Sjø.misjon
27.-29.03. fred-sundag	Gullingen, Familie-KRIK helgetur
31.03. tysdag	Isvik, Husfreden – Basar, Kristin og Erik Bøhler
02.04. torsdag	Ersland, Bønnemøte

08.03. søndag	11:00 Søndagsmøte, talar Roald Evensen
10.03. tirsdag	17:30 Jentelaget og gutelaget
11.03. onsdag	19:30 Bønnemøte
15.03. søndag	11:00 Søndagsskule
15.03. søndag	19:30 Søndagsmøte, Talar: Mons Gunnar Selstø
18.03. onsdag	19:30 Bønnemøte
21.03. lørdag	15:00 Basar, Ølensvåg Kvinneforening, Talar: Lise Marie Litlabø
22.03. søndag	11:00 Søndagsmøte, Talar: Håvard Østhush
24.03. tirsdag	17:30 Jentelaget og gutelaget
25.03. onsdag	19:30 Bønnemøte
29.03. søndag	11:00 Søndagsskule
29.03. søndag	19:30 Dele- og lesekveld
01.04. onsdag	19:30 Bønnemøte
05.04. søndag	11:00 Søndagsmøte, Talar: Olav Eikemo

Innbjoa bedehus

17.02. måndag	18:30 Bønnemøte
18.02. tirsdag	17:30-19:00 Mini-Credo
19.02. onsdag	10:00 Bønnemøte
19.02. onsdag	19:30 Møte
20.02. torsdag	10:30-12:00 Formiddagstreff
24.02. måndag	18:30 Bønnemøte
26.02. onsdag	10:00 Bønnemøte
02.03. måndag	18:30 Bønne-/nattverds møte
03.03. tirsdag	17:30-19:00 Mini-Credo
04.03. onsdag	10:00 Bønnemøte
04.03. onsdag	19:30 Årsmøte
09.03. måndag	18:30 Bønnemøte
11.03. onsdag	10:00 Bønnemøte
15.03. søndag	Søndagsmøte (Tor Magnar vert med)
16.03. måndag	18:30 Bønnemøte
17.03. tirsdag	17:30-19:00 Mini-Credo
18.03. onsdag	10:00 Bønnemøte
19.03. torsdag	10:30-12:00 Formiddagstreff
23.03. måndag	18:30 Bønnemøte
25.03. onsdag	10:00 Bønnemøte
30.03. måndag	18:30 Bønnemøte
31.03. tirsdag	17:30-19:00 Mini-Credo
01.04. onsdag	10:00 Bønnemøte
06.-08.04. man.-onsdag	Møter (Besøk av Dietrich)

Kyrkjjetunet i Ølen

14.02. fredag	18:00 Bønnemøte
14.02. fredag	19:30 Fellesskap på tvers
16.02. söndag	16:00 Show-it
18.02. tirsdag	10:30 Kurs i Babysong
20.02. torsdag	19:30 Årsmøte
21.02. fredag	18:00 Klubb for 4.-7. kl.
21.02. fredag	20:00 Credo
25.02. tirsdag	10:30 Kurs i Babysong
03.03. tirsdag	10:30 Kurs i Babysong
04.03. onsdag	19:00 Strikkekafe, loftet
05.03. torsdag	11:00 Torsdagstreff
06.03. fredag	18:00 Klubb for 4.-7. kl.
06.03. fredag	20:00 Credo
06.-08.03. fre.-söndag	Møtehelg med Oddvar Søvik
10.03. tirsdag	10:30 Kurs i Babysong
13.03. fredag	18:00 Bønnemøte
13.03. fredag	19:30 Fellesskap på tvers
15.03. söndag	16:00 Show-it
17.03. tirsdag	10:30 Kurs i Babysong
19.03. torsdag	19:00 Fellesskap
20.03. fredag	18:00 Klubb for 4.-7. kl.
20.03. fredag	20:00 Credo
22.03. söndag	19:



Fellesrådet 2019-2023

Fellesrådet samla til møte 22. januar 2020. Biletet viser (soknerådet i parentes):

Steinar Sørhus (Vats), nestleiar Knut Omdal (Ølen og Bjoa), Kari Vik Stuhaug (geistleg repr.), Arne Tveit (Skjold og Vikebygd), Jostein Torsteinsbø (Vikedal), Leiar Øyvind Haraldseid (Skjold og Vikebygd), Åse Vigdis Rønnevik (Imsland), Kjell Ove Leite (varamann for Johan Georg Vestbø, Sandeid), Inghart Lasse Tveit (kyrkjeverje) og Steinar Skartland (Vindafjord kommune).

Av Steinar Skartland

Sokneråda i kommunen vel utsendingar til eit Fellesråd som har ansvar for kyrkjebygg, kyrkjegardar og eigedommar, er arbeidsgjevar for dei tilsette (utanom prestane), og har ansvar for administrative og økonomiske oppgåver. Rådet skal også fremja samarbeid mellom

sokna og ivareta ansvaret for sokna overfor kommunen. I tillegg til sokneråda sine representantar vel kommunestyret og biskopen kvar sin representant. Det er også utpeikt eit arbeidsutval som er samansett av leiar, nestleiar og kommunens repr. Kyrkjeverja (som er dagleg leiar for Fellesrådet) møter i fellesråd og ar-

beidsutval utan stemmerett og er då sekretær for fellesrådet.

Vikebygd og Skjold er framleis i ei prøveordning med felles sokneråd, og har difor ennå kvar sin representant i fellesrådet. Bjoa og Ølen er fullt samanslegne til eitt sokn, og har difor berre ein representant, slik kvar av dei andre sokneråda også har.



Lysmesse i mørketida

Av Steinar Skartland

Det er ein tradisjon som går mange år tilbake med lysmesse i desember. I Vikebygd hadde speidarane ei sentral rolle saman med konfirmantar og prest søndag 8. desember. Det var masse folk i kyrkja, sjølv om lysa var av. Konfirmantane las bibeltekster og eit etter eit av dei levande lysa vart tende i hendene på speidarane.

Speidarane var samla bak i den mørke kyrkja. Etter at dei levande lysa vart tende kom ungdomane fram og stilte seg opp i koret. Her vart bibeltekster lesne og kyrkjelyden song om lyset. Frå: «La oss vandre i lyset slik som Han er lys» til: «Det Lyser i stille gredner, av tindrande ljós i kveld. Og tusende barne hender, mot himmelen ljosa held.» Konfirmantane las frå Jesus si Bergpreike

(Matteus ev. kap. 5, vers 14-16): «De er lyset i verda!...». Vi blir minna på kor godt det kan vera for dei som har det mørkt, at nokon kan vera eit lys for dei. Det kan vi ma. gjera ved å ta kontakt og å vera venner med dei som er åleine. Jesus sjølv sa at han var lyset i verda. Nå kan vi få lov til å vera eit lys for andre.